

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.04.2007
Sakshandsamar: Gunnar Hoff
Saka gjeld: **Plan for internrevisjon 2007 – 2009**

Sak: 09/07 B
Styresak 051/07 B

Kontrollkomitémøte: 22.05.2007
Styremøte 23.05. 2007

Innleiing

Internrevisjonen i Helse Vest RHF er ein kontrollfunksjon som på vegne av styret gjennomfører uavhengige kontrollar i helseføretaksgruppa. Internrevisjonen skal utarbeida ein årleg plan for arbeidet, som skal godkjennast av styret. Planen som vert lagt fram omfattar forslag til prosjekt for perioden 2007 – 2009, og ei prioritering av prosjekt for 2007.

Planen vil vera styrande for internrevisjonens aktivitetar i 2007, men revisjonsaktivitetar kan omprioriterast dersom det oppstår hendingar som tilseier dette. Endringar i plan, eventuelt prioritering av nye oppgåver, skal godkjennast av kontrollkomiteen / styret.

Kommentar

Internrevisjonen har utarbeidd ein risikobasert plan og prioritert revisjonsaktivitetar som er forventa å gje styret større tryggleik i forhold til deira tilsynsansvar og betre innsyn i situasjonen på risikoutsette områder. Vidare er siktemålet at dei planlagde aktivitetane også skal bidra til forbetring i organisasjonen.

Internrevisjonen har kartlagt risiko på eit overordna nivå i alle helseføretaka. Dei overordna risikoane er i planen gruppert og presentert under følgjande risikoperspektiv:
Overordna styring og kontroll, økonomi, regeletterleving, måloppnåing, endring, etikk og omdøme. På grunn av at verksemda i Apotekene Vest HF og Helse Vest IKT AS, i vesentleg grad skil seg frå dei andre føretaka er dei overordna risikoane presentert særskilt for desse to føretaka.

Planen for 2007 – 2009 byggjer i hovudsak på risikovurderingar i 2006, men er supplert med kunnskap om endringar i risikobilete i løpet av 2006. Prioritering av aktivitetar / prosjekt er basert på ei relativ vurdering av risikoane som er identifisert, forventa nytte, og at det bør gjennomførast kontrollar innan alle risikoperspektiv; overordna styring og kontroll, økonomi, regeletterleving, måloppnåing, endring, etikk og omdøme.

Leiargruppa i Helse Vest RHF har gjennomgått utkast til plan for 2007 og kommunisert sine prioriteringar til kontrollkomiteen. Prioriteringane er til ei viss grad basert på skjønn og var gjenstand for drøfting i kontrollkomiteen. I planen for 2007 er prioriteringane til administrasjonen i RHFet og kontrollkomiteen sameint.

Kontrollkomiteen handsama revisjonsplanen i møte 14.3.2007 og godkjenner internrevisjonsplanen for 2007 – 2009 og dei prosjektprioriteringane for 2007 som det vart semje om i møte.

Planen vart fremja for styret til møte 11.april med innstilling om at styret godkjenner plan for internrevisjon 2007 – 2009, og prioriterte prosjekt for 2007. Kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenna endringar i planen.

Styret vedtok å utsetja handsaminga av saka med grunngjeving i at dei ønskte at føresetnader for val og prioritering av prosjekt vart ytterligare konkretisert og at med forslag til gjennomføringstidspunkt for prosjekta.

Plandokumenta er på den bakgrunn endra i tråd med innspela / ønskja frå styret. Saka vert fremja på nytt i møte i kontrollkomiteen 2.5.2007 og endeleg vedtak i komiteen vil bli lagt fram i styremøte.

Forslag til vedtak:

Kontrollkomiteen tar prosjekta i lantidsplanen 2007 – 2009 til orientering og godkjenner planen for 2007 som ei ramme for internrevisjonens arbeid.

Forslag til innstilling:

Styret tar prosjekta i lantidsplanen 2007 – 2009 til orientering og godkjenner planen for 2007 som ei ramme for internrevisjonens arbeid.